



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 2 - SEPTEMBER 2014

19. ÅRGANG



Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

"Møte mellom himmel og jord"


Evangeliet etter Johannes

Kapittel 6

Jesus mettar fem tusen

Sidan drog Jesus bort til andre sida av Galileasjøen, som òg heiter Tiberiassjøen. Og mykje folk følgde etter han, for dei såg teikna han gjorde då han lækte dei sjuke. Jesus gjekk opp i fjellet og sette seg der saman med læresveinane sine. Det nærma seg no påske, høgtida til jødane.

Då Jesus lyfte blikket og såg at det kom mykje folk til han, sa han til Filip: «Kvar skal vi kjøpa brød så alle desse kan få mat?» Det sa han for å prøva Filip, for han visste sjølv kva han ville gjera. Filip svara: «Brød for to hundre denarar er ikkje nok til at kvar av dei kan få eit lite stykke.» Ein annan av læresveinane, Andreas, bror til Simon Peter, sa til han: «Det er eit barn her som har fem byggbrød og to fiskar, men kva er det til så mange?» Då sa Jesus: «Lat folket setja seg.»



Det var mykje gras der på staden, og dei sette seg. Talet på mennene var omkring fem tusen. Då tok Jesus brøda, bad takkebøn og delte ut til dei medan dei sat der. Like eins delte han ut av fiskane, så mykje dei ville ha. Då dei var mette, sa han til læresveinane: «Samla saman dei stykka som er att, så ingen ting går til spille.» Dei samla saman og fylte tolv korger med stykke som var att av dei fem byggbrøda etter at alle hadde ete.

Då folket såg det teiknet Jesus hadde gjort, sa dei: «Dette er sanneleg profeten som skal koma til verda!» Jesus skjøna at dei ville koma og tvinga han med seg for å gjera han til konge. Difor drog han seg unna og gjekk opp i fjellet att, han åleine.



Avskjed med Finn Arne som sokneprest i Vestnes

ved Audbjørg Gjerde Lippert

Første påskedag var siste gudstenesta for Finn Arne Roaldsnes som sokneprest i Vestnes kyrkje. Mykje folk var møtt fram. Finn Arne heldt ei inspirerande preike om trua. Dessutan var det vakker song av Amalie Haugen Øvstedral til akkompagnement av Hege Haugen og Sissel Schiøtt. Til slutt var det kyrkjekaffi med marsipankake i våpenhuset. Den eigentlege avslutningsgudstenesta var i Fiksdal kyrkje 27. april. Finn Arne var liturg denne dagen og forretta dessutan dåp. Prost Lars Slettebø var til stades og takka Roaldsnes for hans gjerning som sokneprest i Vestnes og Fiksdal sidan 1996.



Korleis fortelje om Jesu oppstode i dag?

Av Finn Arne Roaldsnes

Eit utdrag frå avskjedspreika i Vestnes kyrkje 27. april 2014

Det var to kvinner som vart dei første tidsvitna om Jesu oppstode. Desse privilegerte var Maria Magdalena og Maria, Jakobs mor, og begge vener av Jesus.

Deira opplevingar er gjengjevne i Bibelen av legen Lukas (Luk 24, 1-9). På ein forunderleg nøktern og stillsleg måtte skriv Lukas ned hendinga; utan å ville pynte ho med overbevisande ord og vendingar. Gjorde han det slik fordi alle i hans krets var klare på at Jesus verkeleg var oppstått frå grava? Kvinnene heldt ikkje tett om si oppleving. Så viktig var dette for Lukas at han måtte skrive ned historia og levele ho vidare som ei historisk verkelegheit til komande generasjonar. Vi som kjenner historia, er òg like forplikta til å fortelje ho vidare. Hendinga er like viktig no som då.

Men korleis kan vi, som ikkje er tidsvitne og ei heller lever i Jesu nære fortid, fortelje vidare påskebodskapen? Det er ikkje enkelt. Bodskapen blir møtt med skepsis og bortforklarings, ikkje ulikt læresveinane sin første reaksjon. Først meinte dei at alt saman var eventyr eller laust snakk. Vi lever i eit land der trua på Gud har den lågaste oppsluttinga i europeisk samanheng. Her er nok av utfordringar! Eg vil peike på nokre innfallsvinklar til korleis vi kan presentere bodskapen. Eg tar utgangspunkt i teksten i Lukas 24,1-9:

Lette på sløret. (To englar/menn forklarte kvinnene kvifor Jesus måtte døy og stå opp igjen.)

Trass i stor grad av materialisme og gudsfornekting er det likevel ein søken etter Gud i vår tid. Det merkast når vi fortel konfirmantane om Jesus. Det er så mange ting dei ikkje har fått vite. Eg kan fornemme ei glede hjå mange av konfirmantane når dei får taket på Jesu oppstode. Den same gleda og tryggheita kan du òg formidle til dine barnebarn. Mang ei tru er blitt til på eit bestefar- eller bestemorfang. Og enno er det spørjelystne som ønskjer å samtale om den kristne trua og bryne seg på den som trur.

Proklamere. (Kvinnene kom med ein god bodskap.)

Kvinnene hadde kanskje ei famlande tru. Nett slik som vår tru mange gonger er. Like fullt ville dei proklamere si oppdaging. Det førte til reaksjon. Peter og Johannes sprang til grava og ville sjølv sjå og erfare. Utan proklamasjon ingen reaksjon. Du er med og set i gang ein reaksjon når du reiser deg opp og er med i truedkjeninga i kyrkja. Menneske set pris på at du svarer ja når dei spør om du held for sant det du trur på.



Forsvare (Englane forsvarer Jesu oppstode ved å vise til Jesu eigne ord om at han skulle stå opp igjen.)

Det er lettare å angripe trua enn å forsvare ho. Angriparane er i fleirtal - og forvararen føler ofte at han er åleine. Slik er det ofte. Å forsvare trua er oftast ei sak for den einskilde. Det fortel følgjande episode: Ein kamerat vart hetsa fordi han hørde på morgonandakta på jobb. Då svara han tilbake at dette var så viktig for han at han ville forsette med å høre. Forsvar av trua fører til at ho held stand hjå oss!

Gjenoppfriske bodskapen. (Englane minne kvinnene på kva Jesus hadde sagt.)

I avisar før påske svarte eit menneske i 50-åra at vedkomande ikkje visste kvifor vi feirar påske. «Går det verkeleg an?» har mange spurta seg. Eg er redd for at det kan ende opp slik for fleire om vi ikkje minner/gjenoppfriskar påskebodskapen for folk. Ein god måte å gjere det på er t.d. å ta utgangspunkt i tradisjonar og forklare bakgrunnen for dei. Vi kan spørje: «Kvífor har vi påskelam?» Då kan vi vise til samanhangen mellom jødane sitt påskelam og Jesus. Begge vart ofra for å ta bort skuld. Vi fekk gå fri når vårt påskelam, som er Kristus, døydde i vår stad. Så kan vi fortsette med å forklare bakgrunnen for det store fellesskapsmåltidet vi har i påska, om påskeegg og påsketre. Som forfattaren av Narnia-bøkene kan vi òg vere med og lage nye bilde og illustrasjonar som kan gjere påskebodskapen meir forståelig for vår tid.

Gi håp og trøst. (Kvinnene ga håpet rom.)

Bodskapen om Jesu oppstode gir håp om evig liv. Læresveinane var nærmast utrøstelege og svært redde etter det dei hadde opplevd, men trua på Jesu oppstode endra på dette. Dei fekk mot og nytt håp. Alt ga dei ein heilt ny måte å sjå livet på. Dette livssynet heldt dei fast på resten av livet. Det går an å halde fast på dette også for deg og meg, og difor for andre. Av den grunn treng vi ikkje å vere tilbakehaldne med å formidle håpet. Når Jesu oppstode er eit håp for oss, kvifor skulle det då ikkje vere eit håp for andre også?

Gravminne 2

Av Kaare Lervik

Innleiing

I førre nummer av Kyrkjebladet hadde vi ein artikkel om gravminne på generell basis, og avslutta med eit spesielt gravminne. No held vi fram denne serien, og startar da der vi slutta sist.



Gravskrifter

Eit gravminne fortel først og fremst kven som er gravlagd, men òg om den døde. Det blir gjerne i form av ei gravskrift. Yrkessittel var brukt ei tid, og den fortel sitt. På eit gravminne ved Hustad kyrkje, kom eg over ei støtte der det sto *Enke*. Denne kvinnen var født i 1832 og døydde i 1918. Kvar var grava til mannen? Mest truleg saman med mange andre ute på havet. At ein her, på ein gravplass ute ved havet, fann gravminne med yrkestittelen *Lods*, er ikkje å undre seg over.

Andre inskripsjonar fortel om kva forhold den døde hadde til etterlevande. Ord som *Fred med minnet ditt* og *Minnes i kjærighet*

er ord som fortel om gode minne hjå dei etterlevande. *Sårt sakna* og *Høyt elsket*, er ord som gir uttrykk for tomrommet etter den døde. Ein takk til den døde blir òg skrive. *Takk* eller *Takk for alt*, er døme på dét. Etterlevande har gjerne eit håp eller eit ønske for den døde. *Kvil i fred* har vore mykje brukt, og frå gammalt av har dette noko overtru i seg. Mange trudde at den døde kunne gå att, så da var det viktig å ønske at den døde skulle få fred i grava. Ei rekke gravskrifter er òg slik at dei gir uttrykk for eit håp om å møtast etter døden. *Vi møtes igjen*. Så må vi ikkje gløyme at mange vil ha med ein hyllest til Gud. Det blir gjerne i form av bibelvers eller salmetekster. Brukte bibelvers er: Job 19.25, Salme 23, Joh. 11.25, Rom. 14.8, 1.Joh.4.8.

Symbol

Ved dette merket skal du sigre. Denne utsegna er litt myteomspunnen, men det handlar om korset, og korset, det latinske korset,



det nakne korset, er det symbolet som har vore mest brukt på gravminne gjennom tidene. Korset symboliserer døden, men det har òg med seg sigeren over døden.

Korset har mange utformingar og namn deretter. Her nemner vi berre georgskors, malteserkors, andreaskors og hjulkors. Eit eksempel på dette siste, finn ein på Giske kyrkjegard med *Skjønn Valborgs grav*. Ei segn knyter seg òg til denne grava. Korset var meir brukt på gravminna før enn i dag. Her må vi nemne at korset var òg brukt som gravminne. Vakre jarkors er på kyrkjegardane rundt om i landet, og vi har mange av dei i vår kommune. Det var særleg i tiåra rundt 1900 dei var mest populære.

Elles er det symbol av svært mange slag. Fuglar, og da særleg dua, er mykje brukt. Sommarfuglen er i bruk, men dyr er mykje mindre brukt. Plantar er svært vanleg å bruke. Eføyranken er eit gammalt klassisk motiv. Lilja er brukt, og det same er rosa. Alle slike symbol har relevans til bibeltekster. 1.Kor.13.13 viser for eksempel til bruken av hjarta som symbol på kjærleiken. Så blir dei verande desse tre: *tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken*. Enda er det mange symbol som vi ikkje får plass til, men nemner nokre slik som lyset og skipet. Yrkessymbol, organisasjonssymbol og like eins politiske symbol er brukte. Fleire andre finn ein òg.

Dekor

Symbol og dekor går litt inn i kvarandre, men dekoren stikk seg noko meir fram enn inngraverte symbol. No i moderne tid, er dekor på gravminna blitt svært vanleg. Det er gjerne i form av uthева roser, fuglar og lykter. Frå 1990-talet har steinhoggarfirma tilbydd montering av lykter på sjølve gravminnet. Resultatet av dette har vore noko av kvart, og ikkje alltid like greitt for dei som steller kyrkjegardane. To klassiske motiv, Dagen og Natta, var populære på slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet. Desse vart sett på gravstøtta som medaljongar. Sjølve motiva skriv seg tilbake heilt til klassisismen og symboliserer lyset og mørket, livet og døden. Ein finn fleire av desse på Vestnes, men sikkert også på dei andre eldre kyrkjegardane i kommunen.



Avslutning

I påskenummeret 2015 har vi tenkt å komme med enda ein artikkel om gravminne, og da vil vi ta for oss utforminga av gravminne gjennom tidene. Så må vi seie noko om feste av graver og bevaring av gamle eller spesielle graver. Det gjeld visse reglar for dette.

Det siste farvel

Av Kari Nakken

Vi går varsamt inn i dødens hage,
tung er børa vår i dag.
Linn er vinden mot vårt ansikt,
svalar sorgtungt andletsdrag.

Vi får aldri heile svaret
på det "kvifor?" som vi spør,
men det gode du har gitt oss
er til trøyst når hjartet blør.

Det er stille her ikring deg
ved din siste kvilestad.
Gjennom sorga vil dei lyse,
gode minne du oss ga.

Vi vil takke,
sjølv om tårar renn på kinnet ned,
og vi ynskjer deg, vår kjære,
at du kvile må i fred.

Gravstaden til Anna Wilhelmina og Otto Theodor Krohg

Av Per Bjørn Ellingseter

"Mang en Mand og Kvinde fra Vestnæs vil opsøge din Grav og mindes dig med Kjærliged og Takk -".

Med desse orda avslutta kyrkjesongar Ivar Brovold talen sin då *Oto Theodor Krohg* vart gravlagd på Molde 28. oktober 1889. Og det skulle vere god grunn til å takke. I si 39 år lange tenestetid var Krohg primus motor for mange store prosjekt i Vestnes. Her skal nemnast berre nokre av dei: Fiksdal (1866) og Vestnes (1872) fekk nye kyrkjer, 11 skulehus vart bygde, skuleverket vart tidsmessig organisert og modernisert, prestegarden vart eit mønsterbruk der mange fekk lære moderne jordbruk. Han var også ivrig støttespelar for svogeran Jacob Jervell, som starta myrdyrkingsprosjektet på Furland.

Dei siste åra av embetstida si i Vestnes var Krohg sjuk, og han fekk behov for meir legehjelp enn det han kunne få på Vestnes. Han og kona flytta difor til Molde, der han døydde 22. oktober 1889.

Det var ikkje så lett for ein ung teolog å få seg prestekall den tida. Krohg fekk stilling som lærar i Tromsø, og i ei "bistilling" var han redaktør for Tromsø Tidende. I Tromsø vart han verande i 10 år, og sette på mange vis sitt preg på byen. Mellom anna sto han som arrangør av det som blir rekna for Noregs første sivile skirenn, i 1843. Dette skaffa Krohg ein solid plass i norsk skihistorie. Han skreiv naturleg nok referat frå rennet i avisai si, men merkeleg nok får vi ikkje vite namnet på han som vann. Vi får berre vite at han var "en Dreng i Skomagerlære, Kvæn af Fødsel. Han hadde brukt, etter Kvænernes Skik, tvende stave" (Tromsø Tidende 4. april 1843). Det var den tida vanleg å bruke berre ein stav.

Då Norges Skiforbund feira sitt 100-årsjubileum, tok Møre og Romsdal Skikrets initiativ til å heidre denne skipioneren med å restaurere gravsteinane til Otto Theodor og kona Anna Wilhelmine. Skikretsen arrangerte ein liten, enkel seremoni ved grava vinteren 2008. Mange ski- og historieinteresserte hadde møtt fram, og underskrivne fortalte litt om mannen, presten og skipioneren. Det vart lagt ned blomar ved gravene i takksemid for det han gjorde for skisporten, og for fysisk fostring i det heile.



Gravsteinane står der no oppussa og fine, og dersom det finst nokon som har lyst til følgje Brovold si oppmoding om å "opsøge din grav og mindes dig med kjærliged og takk", så er gravene lett å finne. Frå det vesle kapellet på Nedre kirkegård i Molde går det ein gangveg opp gjennom kyrkjegarden. Litt ovenfor kapellet, på venstre sida av gangvegen, finn du gravene. Like ved kapellet finn du elles eit mykje meir prangande gravminne. Der er faren til Otto Theodor, amtmann Hilmar Meincke Krohg gravlagd.

På «Vestnespresten» sin gravstein står denne latinske inskripsjonen: «*Gracia, misericordia, salus tibi a Deo patre nostro et Domino Iesu Christo*». Dette tyder: «Nåde, miskunn og frelse for deg ved Gud vår far og herren Jesus Kristus».

Sjølv om Krohg ved mange høve og på mange vis gav til kjenne at han var svært glad i Vestnes og folket her, så fekk han altså ikke den siste kvila i Vestnes-jord.

Jeg finner nok fram

Av Kolbein Falkeid

Døden er ikke så skremmende som før.
Folk jeg var glad i
har gått foran og kvistet løype
De var skogskarer og fjellvante.
Jeg finner nok fram.



Kulturarbeid i kyrkja sin regi


Av John Erik Brakstad, kulturrådgjevar i Møre bispedømme



Når Kyrkjebladet tok kontakt og spurde om eg ville skrive ei sak til bladet om noko av alt det flotte som skjer i kyrkja sin regi, var det lett å seie ja til det. Eg opplever framleis ei sterk tilknyting til Vestnes etter åra som kyrkjeverje, og har mange gode minne frå desse åra. Eg får framleis Kyrkjebladet i posten og gler meg kvar gong over å lese om alt det flotte arbeidet som blir gjort i kyrkjelydane i kommunen. Som kulturrådgjevar i Møre bispedømme opplever eg stort engasjement og mykje spanande kulturaktivitet rundt om i bispedømmet. Kyrkja er ein stor og viktig kulturaktør og kulturarena. Statistikken viser at det årleg er besøkstal på over 1,5 millionar til kyrklege konserter og kulturarrangement. Kyrkja er dermed den nest største kulturarenaen i landet, større enn kulturhusa og berre slått av ungdomshusa. Og det er mykje eg kunne ha skrive om frå det kyrklege kulturfeltet. Denne gongen blir det litt om Kystpilegrimsleia, eit spanande nytt prosjekt som vi som kyrkje kan ha forventningar til.

Kystpilegrimsleia – pilegrim på kjøl

Det har dei siste åra vore ei veksande interesse for pilegrimstradisjonar og pilegrimsreiser. Mange har gått på pilegrimsvegane sør i Europa, og spesielt Santiago de Compostela i Spania er eit populært pilegrimsål. Her i landet aukar også talet på pilegrimar som er på reise mot heilage stader. Nidarosdomen i Trondheim er det viktigaste målet, og stadig fleire av dei gamle pilegrimsstiane blir gjorde i stand og tekne i bruk. I sommar har vi fått ei ny pilegrimslei, så å seie heilt opp i fjoresteinane våre. Kystpilegrimsleia blei i slutten av juli lansert som nasjonal pilegrimslei og markert med ein seilas frå Stavanger til Trondheim med veteranskipet "MS Nordstjernen", og med program på mange av dei kyrkjhistoriske perlene som ligg langs kysten.



Det har i lengre tid vore arbeidd for å få etablert kystpilegrimslei frå Stavanger til Trondheim som nasjonal pilegrimslei. Og gjennom eit samarbeid mellom bispedøma og fylkeskommunane langs vestlandskysten, og med finansiering frå Riksantikvaren, er det no blitt ein realitet, førebels som eit treårig prosjekt, men planen er at det blir ei varig satsing. I 2009 opna dåverande kulturminister Trond Giske den nasjonale innlandslei frå Oslo til Nidaros. Denne er no vel etablert med m.a. eigne pilegrimsenter langs lei. Difor er det på tide at Kystpilegrimslei no blir etablert. Frå middelalderen kjener vi til oppteikningar gjorde av biskop Adam av Bremen i sitt historieverk frå 1070-talet om pilegrimar frå kontinentet som reiste «norvegen» langs kysten til den heilage byen Nidaros. Kysten var middelalderen sin «Europaveg 1», og aktuelle hamner for pilegrimane var stader som Utstein, Avaldsnes, Moster, Bergen, Kinn, Selje, Borgund, Veøy og Edøy. Dette er stader som har mykje historie knytt til kristninga av Noreg. Her finn ein bautasteinar, steinkors, kyrkjer, vasskjelder og tingstader som perler på ei snor. Her blir det feira merkedagar med gudstenester og messer. Her blir det sett opp historiske spel og spanande utstillingar. Møre bispedømme er rikt på middelalderhistorie og kyrkjhistorie, og Kystpilegrimsleia gir høve til å presentere denne dimensjonen for endå fleire.



Pilegrimar på Veøy.

Historisk var pilegrimen ein person som la ut på ei reise med åndeleg innhald eller mot eit heilag mål. Mange hadde eit håp om å bli friske for sjukdom, andre la ut på reisa for å gjere bot for ugjerningar. Andre igjen reiste av rein reise- eller eventyrlyst. Moderne pilegrimar har ulike motiv for å legge ut på reise. For nokon kan det vere ei reise for å søke nye verdiar, auka livskvalitet og få nye impulsar. For andre handlar det om å vere pilegrim med openheit for eit djupare møte med Gud, seg sjølv, medmenneske og naturen. Erfaringane frå andre pilegrimsruter er at det å setje åndeleg liv og kyrklege tradisjon inn i ei ramme av reise og oppleveling treffer noko i det moderne mennesket, og håpet er at mange vil bli pilegrimar langs Kystpilegrimslei, anten ein legg ut på ei lang eller kortare reise.

Å ligge i dønningene
en varm sommerdag
utenfor den ytterste holmen
der bare horisonten finnes lenger ute
og bli løftet og senket
av havbølgenes veldige krefter
som i dag er temmet
til milde strøk over min kropp –

det er som å vugges til ro
i dine mektige armer,
du oseanenes Herre,
som å overgi seg selv
i din omsluttende nåde,
til ærfuglenes stillferdige sang
i grenselandet mot evigheten

Harald Olsen

Kystpilegrimslei opna

I slutten av juli 2014 blei Kystpilegrimslei frå Stavanger til Nidaros offisielt lansert som nasjonal pilegrimslei. Heilt sidan etableringa av innlandslei frå Oslo til Trondheim har det vore arbeidd med å få til ei lei også langs kysten. I middelalderen var det sjøvegen til Nidaros som var «Europaveg 1», og med ei veksande interesse for pilegrimstradisjonane som vi har sett dei siste åra, er det naturleg å få på plass ei pilegrimslei med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader som er heilt særegne for kysten vår. Kystpilegrimslei er eit samarbeidsprosjekt mellom bispedøma og fylkeskommunane langs vestlandskysten, og Riksantikvaren. Håpet er at mange vil nytte seg av lei, anten ein legg ut på ei lang eller kortare reise, vere




pilegrimar med openheit for eit djupare møte med Gud, seg sjølv, medmenneske og naturen. Det er svært gledeleg at NMS no inviterer til ei pilegrimsreise i dette landskapet. Dette blir den første organiserte pilegrimsreisa etter lanseringa av Kystpilegrimslei. Og Smøla er ein god stad å starte. Da byrjar ein der ein finn Kulisteinen, som blir rekna som eit av dei tidlegaste skriftlege teikna på kristendommen sitt innpass i landet vårt, og som difor blir kalla Noregs dåpsattest. Kulisteinen på Kuløya i Smøla er ein to meter høg bauta frå ca. år 1000, med kristen runeinskrift: "Tore og Halvard reiste denne steinen etter Ulv... Tolvintrar hadde kristendommen vore i Noreg..." Den originale Kulisteinen står no på museet til Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim.

Kystpilegrimslei til Nidaros er sterkt representert i Møre og Romsdal. Heile tretten middelalderstader i Møre og Romsdal


er integrerte i det nye samarbeidsprosjektet Kystpilegrimslei Rogaland-Nidaros. Tanken er at leia skal inngå i nasjonal og internasjonal reiselivssatsing som del av pilegrimslei St. Olavsvegane til Trondheim og som ein europeisk kulturveg. Prosjektet skal skape reise- og opplevingslyst ved hjelp av den gamle pilegrimslei langs kysten.

Historisk var pilegrimen ein person som la ut på ei reise med åndeleg innhald eller mot eit heilag mål. Mange hadde eit håp om å bli friske for sjukdom, andre la ut på reisa for å gjere bot for ugjerningar. Andre igjen reiste av rein reise- eller eventyrlyst.

Moderne pilegrimsvandring kan neppe kallast ei botsøving. Det kan vere ei reise for å søkje nye verdiar, auka livskvalitet og få nye impulsar. Det er stor interesse for pilegrimsvandring i dag. I år framover vil det bli lagt til rette for pilegrimsvandring i denne nye pilegrimslei. Arrangement av mange slag vil bli sett opp. Her vil bli møteplassar for tru og samhald. Kulturminne vil bli løfta fram. Pilegrimslei skal altså auke medvitet om historie, kulturminne og miljø og legge til rette for fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse. Prosjektet vil også fremje kunnskap om korleis vi kan nytte og verne kulturarven vår.



Kopi av Kulisteinen.



Pinsefest i Tresfjord kyrkje

2- og 3-åringane i Tresfjord og Vike sokn fekk bursdagsinvitasjon frå kyrkja. Kvart år i pinsehelga blir kyrkja pynta spesielt for denne aldersgruppa. Det er trusopp-læringsstilbodet Topp Safari som ynskjer desse barna med foreldre og besteforeldre velkomne til å lære at kyrkja faktisk har sin eigen bursdag. Her fekk dei høye pinseforteljinga, leikedøype bamsen sin/dokka si, pynte kyrkja til fest med å sette markblomar på alteret, ete seg gode og mette på vaflar, leite etter ein bortgøymd skatt inni kyrkja og sjølvsgåt synge bursdagsongen til kyrkja.



Gudstenestevandring til Korsstøneset

Av Liv Gisnås

9. juni vart det igjen arrangert gudsteneste på Korsstøneset på Gjermundnes. Sokneprest Signe Hellevik leia gudstenestevandringa. Eit tjuetals menneske møtte fram i Gjermundnesbukta. Derifrå gjekk vandringa ut mot neset. Undervegs var det salmesong, bøner, tekstlesing og refleksjonar. Marta Balstad Waske deltok med flott song langs vegen. Framme ved krossen fekk deltakarane leggi frå seg steinar og blomster, symbol for det som tyngjer og er vanskeleg, og det som ein er takksam for. Blomane vart samla til ein bukett som pryda «nattverdbordet». Så vart brødet og vinen delt ut. Etter gudsstenesta var det kyrkjekaffi.



Glimt frå friluftsgudstenesta i Øygardsbukta, Rekdal 17. august

Av Kari Nakken. Foto: Evelyn Bakken Rekdal



Sokneprest Signe Hellevik forretta. Organist Sissel Schiøtt dirigerte også Fiksdal mannskor, som song for oss, ein årvis tradisjon på denne gudstenesta. Isa Leonora hjelpte Signe med barnesongane.

Nær seksti personar var til stades og fekk med seg både gudstenesta, kyrkjekaffi og pølsegrilling. Ei god søndagsoppleveling med tid til samvær og prat med kvarandre.



Utviding av kyrkjegarden i Fiksdal

Foto: Asbjørn Oterhals. Tekst: Kari Nakken.

Det har lenge vore planar om utviding av kyrkjegarden i Fiksdal, då det var få plassar att etter forrige utviding i 1991. Arbeidet vart starta våren 2013, og er no ferdig. Arealet nordaust for kyrkja har med dette vorte ein svært vakker del av kyrkjegarden som vert vigsla seinare i haust.

Vestnes kommunestyre løvvde totalt 2,3 millionar til prosjektet. På det nye arealet er det opparbeidd plass til 120 graver. Framtidig utvidingsareal er planert slik at ein kan stelle det med traktor. Tomra Maskin A/S fekk anbodet for 1,945 mill. inkl. MVA. I tillegg til dette kom kostnad med asfaltring som kommunen gjorde, og opparbeiding av inngjerda plass nedanfor det vesle reiskapshuset. Dette for utstyr til drifta.

Sentralt i det nye anlegget er det laga til plass for avfall og hagereiskap. Her er det eit fint tappepunkt for vatn. Enkelte har sett det symbolske i at brustenen er lagd i fin vifteform inn mot kjelda, og ein kan tenkje i overført betydning på Kristus som Livsens kjelde. Gamle og nye vegar har fått fint grusdekke. Ein av vegane går ned mot kyrkjelydshuset, der ein har opparbeidd parkeringsplass for ti bilar. Det er òg laga ny plass til minst fem bilar på vegskuldra mot kyrkjegarden. Kommunen har òg utnyttat arealet mot kunstgrasbana ved Fiksdal oppvekstsenter til parkering for om lag ti bilar. Alt er no asfaltert. Dette kjem godt med, då det til tider har vore kaotiske tilstandar for skulen med parkering på busslomma og inne på skuleområdet ved gravferder kl.13.00.



Vegen opp frå kyrkjelydshuset.

I løpet av sommaren har vi fått mange positive tilbakemeldingar på kor fint området ved kyrkja har blitt. Det er kjekt! Vi rettar ein takk til arkitekt Roger Tokle og Tomra Maskin A/S for godt utført arbeid.

Leiaren i fellesrådet seier at rekneskapen for heile prosjektet ikkje er ferdig enno, men vonar at ein vil halde seg innafor det som er løvd.



Kyrkjegarden sett frå tårnet.

Konfirmanter i Vestnes våren 2014



Tomrefjord og Øverås konfirmanter den 4. mai.
Foto: Minnefabrikken Studio



Fiksdal konfirmanter den 25. mai.
Foto: Minnefabrikken Studio



Helland konfirmanter den 29. og 31. mai.
Foto: Kari Utgård



Tresfjord og Vike konfirmanter den 11. mai og 1. juni.
Foto: Torgeir Utgård

TRESFJORDKYRKJA

Av Marit Gjul (februar 2014)

Tresfjordkyrkja er så vakker
der ho ligg ved høge fjell.
Teikna seg så fint mot sjøen
i ein stille kveld.

Fredfylt ligg du der ved vegen.
Ber meg vennleg komma inn.
Set meg stille ned i benken.
Fred i sjel og sinn eg finn.

Kunstnarar frå farne tider
prega deg med raus ei hand.
Strødde stjerner på din himmel
lik Gud Faders skaparånd.

Barnetrua her får feste.
Kjent og kjært er det eg ser.
Kyrkjerommet kviskrar til meg
mens eg sit her stilt og ber.

Fargerik og vakker er du
som ei bunadspynta brud.
Tek i mot i sorg og glede.
med ei helsing frå vår Gud.



Nye medarbeidarar i kyrkjelydane i Vestnes

Denne hausten startar vi opp med fleire nye medarbeidarar i staben/kyrkjelydane i Vestnes. Vi ønskjer dei velkomne, og håper at dei finn sin plass og vil trivast i lag med oss! I tillegg til dei tre som er heilt nye og blir presenterte her, er no Inger Marie J. Sylte og Signe Hellevik allereie godt i gang som sokneprestar i sine ansvarsområde. Desse to kjenner vi frå eit godt samarbeid gjennom fleire år.

Trusopplærar/kyrkjelydspedagog
Ingvild Venås Sánchez



Ingvild har budd i Vestnes i litt over eit år. Ho flytta hit saman med familien sin i samband med tidlegare jobb i Normisjon i Molde. Ho tok til i stillinga som trusopplærar/kyrkjelydspedagog den 1. september. Ingvild er 32 år og utdanna fysioterapeut. Ho har vore misjonær i Nepal, og ein periode leia ho KIA sitt arbeid i Molde. Ho har òg spennande bakgrunn med disippeltreningsskule i Australia, Fjellheim bibelskule i Tromsø, eit år med religion og interkulturell kommunikasjon på misjonshøgskolen i Stavanger og misjonærforebuande kurs ved "Gå ut-senteret" i Hurdal.



Vikar for Diakon
Tone Hvidsten

Tone begynte som vikar for vår faste diakon den 1. august. Ho er 55 år og bur i Molde, men kjem frå Sandefjord. Ho har tidlegare jobba som diakon i Borgund sokn i Ålesund. Sidan ho kom til Molde i 1989, har ho jobba som sjukepleiar og har variert erfaring både frå somatisk og psykisk helsearbeid. Tone er glad i fjell og natur, og håper på nokre turar i området på denne sida av fjorden.

Tone sine eigne ord om diakoni:


"Interessen for det diakonale perspektivet i kirken har hele tiden vært en viktig del. Derfor var muligheten for å være diakonvikar i Vestnes en spennende utfordring å få.

Kyrkjebladet vil takke kyrkjeverje Toril Lillebø Nerland som no har slutta i stillinga si som kyrkjeverje. Vi vil òg få takke Sigurd Moltubak som har vore vikar for diakonen i to periodar og for kyrkjeverja det siste året. Like eins takkar vi Sivert Hovde som var vikar for trusopplærar. Han slutta i sommar.

Både Toril og Sigurd er no pensjonistar, og vi ønskjer dei ei fin og aktiv tid framover.

Jeg har et ønske om at kirka skal kunne erfares som åpen og et sted å være i alle livets nyanser. Og et håp om at kirkens omsorgsarbeid kan være en motvekt til et samfunn som lett kan preges av prestasjon og hast. Jeg vil gjerne være tilgjengelig for folk som ønsker kontakt i den tiden jeg er her".

Kyrkjeverje/dagleg leiar i Vestnes kyrkjelege fellesråd
Olav Egil Tomren



Olav Egil begynte 1. august som kyrkjeverje/dagleg leiar i Vestnes kyrkjelege fellesråd. Han er 57 år og bur i Tomrefjord. Han har utdanning innan økonomi/administrasjon, og har tidlegare arbeidslivserfaring frå Sparebanken Møre i 20 år. Dei siste 12 åra har han vore dagleg leiar ved Tremek AS. Olav Egil har i mange år vore aktiv i lokalpolitikken og sit i dag som gruppeleiar for KrF i Vestnes kommunestyre og formannskap. Elles har han deltatt aktivt i det frivillige organisasjonslivet i heimbygda, særleg på bedehuset og innanfor fotball og anna idrett.

Kyrkjebasar på Vestheim 31. oktober


Av Sindre Taklo

Den årvisse Kyrkjebasaren på Vestheim går i år av stabelen fredag den 31. oktober. Basaren er den aller viktigaste inntekstkjelda til soknerådet sitt arbeid. Inntektene gjev også soknerådet økonomisk handlingsrom til investeringar som kjem kyrkjelydsarbeidet til gode. Dei seinare år har soknerådet gjort investeringar i Kyrkjelydkjellaren og i teknisk utstyr i kyrkja. Inntektene frå Kyrkjebasaren er også uvurderleg med omsyn til konfirmantarbeid og trusopplæringa.

Soknerådsleiar Sindre Taklo vonar at oppslutnaden om Kyrkjebasaren i 2014 vert like god som dei føregåande åra både med omsyn til sal av ball og bacalao og loddsalaet.

En Odelsbonde

Av Hans Aanrud



I den store gamle grunnfaste stue med alentykke bjelker stod Evenstaden i skrubbskinnspels og storstøvler, kjerringen i kråke og sjaler, reiseferdige. De skulle til likferds etter foderådkjerringen på Ensby. Ute på gulvet stod Ola, den tykke, seksårige sønn, lat og sur og tverr, og Astrid, søsteren, et år eldre, blyg og blid med gult vannkjemmet hår.

Omkring det store bord av totoms furuplanker satt karene, både husmenn og tjenestegutter, mens tjenestejentene svinset omkring og øste opp i fatene.

«Nå lyt du være lekker mot ham Ola mens vi er borte, Astrid, ikke trasse'n og ikke kjeikje'n», sa moren.

«Ja mor, dersom han Ola - «

«Han Ola er lekker gut støtt, han, riktig gromguten min -, eller er du ikke det?» Ola bare vred på sig og gren.

«Men det er nu vel ikke tufs med dig i dag, du har riktig ikke villet ete - vil du ha litt rømme og lefse -? - eller et bakkels -? Ane, han Ola vil visst ha et bakkels!»

Tjenestejenten skyndte sig ut i kammerset og kom med et. Han slo det bort med hånden: Jeg er mett.»

«Nei, han er nu slett ikke frisk lell, når han ikke vil ha bakkels -; du får riktig stelle lekkert med ham, Ane, og se å få i ham noe; - du lyt la ham få det han vil - og dersom ikke du er lekker, Astrid, skal du få med mig å bestille!»

Evenstaden selv hadde stått og gitt karene beskjed. «Jo, Astrid», sa han, «du får føie ham, du som eldst er, og så får du komme i hug at han er nu likesom gardguten på Evenstad han, da, - og dersom han vil være med ut og kjøre, så lyt han få det, karer.» Han gikk mot døren.

Astrid satte seg bort til bordet i lag med jentene og spiste, Ola stilte seg med begge benene oppå en stol ved vinduet og så dem reise.

«Å jau, det syner rett det er Evenstaden som er ute og reiser», sa han, han krøp ned. Han stakk begge hender i bukse-lommene, spankulerte ut på gulvet og spytte karslig. Nu følte han sig som herre her: «Ane, finn en lefseklining til mig; jeg må ete, for jeg vil med ut og kjøre møkk!»

Ane skyndte seg ned i kjelleren og kom op med en lefseklining.

«Og så byr du mig av grovlefsen! Vi har fin lefse nok på Evenstad, skulde jeg mene!» Han slengte kliningen bortover

bordet. Karene og jentene så på hverandre, men Ane skyndte sig og sa blidt: «Jeg skal finne en annen til dig, jeg, Ola!»

Hun kom med en annen. Han tok et par biter. «Nei, jeg vil ikke ha den, jeg vil ha ost på - tykk ost!» Han slengte også den.

«Juling skulde du ha», mumlet Lars Kampesveen, en av husmennene, da Ane gikk etter en ny.

«Nei, jeg vil ikke ha klining; kom med bakkels!»

Ane skyndte sig ut i kammerset.

«Har dere ikke snart ett nå, karer?» - han vendte sig viktig mot bordet -; «det er ikke sagt jeg bryr mig om å ha sju gamper stående ledige midt i møkkjøringen». Han skulle sagt mer, men i det samme blev han vår at Astrid satt og spiste av den første kliningen: «Vil du la være kliningen min, du forkje! Kom hit med den!»

Han stod med tre klininger i hånden da Ane kom med bakkels. «Nei, jeg vil ikke ha; når jeg kjenner riktig etter så er jeg mett!»

«At ikke du vilde være med til likferds da, Ola», sa Ane så blidt hun kunde. «Jeg bryr mig ikke om slike matlag, jeg -! Vi har da mat nok hjemme på Evenstad.»

Lars Kampesveen hadde sittet og hørt sig sint på ham: «Ja, det syner på dig au», sa han, «du er rund i ræven som en valders.»

«Dersom du ikke holder husmannsflabben din, du, Lars Kampesveen, skal jeg se til at det fa'n hakke mig blir en annen dans!»

«Nei, hør på hvalpen - vil han lære voksent folk å banne også!» Lars var blitt fin i målet av sinne.

«Fy dig, Ola, nu blir Gud sint på dig», sa Astrid. Hun trodde hun torde si det, for banne var det eneste hun hadde hørt Ola ikke fikk lov til.

«Jeg tenker han vet hvem jeg er, jeg, og dersom ikke du lar være å blande dig oppi når voksent folk snakker, så er det best du kommer med klokken din, så jeg får se på innretningen.»

Ola visste at dette var Astrid redd. Hun dukket også straks hodet ned mot bordplaten. Hun hadde klokke som hun hadde fått av bestefar sin, og Ola hadde allerede engang før truet sig til å få den - ved morens hjelp, - den var først reddet i siste øieblikk, da han hadde knust glasset og skulde til å bruke hammer på den for å få se innretningen.

«Vil du tie still!» Han stod med den ene hånden i lommen, og i den annen holdt han kliningen. Astrid våget ikke å si et ord, hun bare så sig hjelpløs omkring.

Lars Kampesveen strøk henne over håret og mumlet: «Nei, at det kan være slik skilnad på unger! Du er jente vår, du skulde være gardjente på Evenstad!»

Det siste hørte Ola, og da først blev han sint for alvor. «Nei,

vil den elendige ferkjungen være gardjente også! Du skal få julung, du, når mor kommer hjem, for jeg skal syne jer hvem som er gardgut, jeg! Kom med filleklokken din, Astrid, og det på timen også!» Astrid svarte ikke.

«Vil du komme med den!» Øinene rullet i hausen på ham.

«Å nei, Ola, vær nu lekker, - - jeg - jeg har låst den ned i skrinet mitt og tapt bort nøkkelen!»

«Kom med den, sier jeg!»

«Kjære, vene, vakre Ola, la mig få slippe! Du skal få alt du vil, alt brunsukkeret mitt og hele treakstangen!» Hun talte kring av bare redsel, og tårene stod henne i øinene.

«Vil du ikke med det gode, så skal jeg syne dig ---» Han slengte lefsekliningene mot veggen og grep et suppetat. «Vil du -!»

«Å kjære, vene, vakre -»

Fatet fór i veggen, så suppen skvatt. Han grep et til. «Vil du nu!»

Lars Kampesveen reiste sig kvast.

«Ja, rør mig, Lars Kampesveen, hvis du tør, - jeg sier det til far!»

Lars betenkte sig, fatet smalt i veggen. Han grep et til - «Vil du nu kanske, eller du skal få så meget julung av mor -!»

Astrid var sprunget ut på gulvet.

«Ja, ja, du skal få den, du skal få den, bare vær lekker -!»

Hun sprang ut. Nu hadde Ola fått blod på tann, han gjorde bordet ryddig i en fart. Suppetat, tallerkener, skjeer og kniver fløi veggmellel.

Astrid kom tilbake. «Der har du den, Ola, men vær nu lekker og slå ikke sund mer!»

«Tror du jeg vil ha den elendige filleklokken din når jeg ikke fikk den straks! Der har du den igjen!»

Han slengte den mot peismuren så stykkene fløi. Det var blitt stille i stuen. Karene og jentene stod trykket op i krokene. Det hørtes bare noen enkelte drypp av suppen som silte fra bordet og veggene ned på gulvet. Da svingte Ola sig rundt på hælen og trampet i gulvet med begge ben: «Og nu, Ane, kommer du på timen med hele bakkelskuffen, for nu er jeg sulten, og jeg er gardguten på Evenstad.»

Da foreldrene kom hjem om kvelden, fikk Astrid ris av morgen, fordi hun hadde ertet «gromguten» hennes, og den våren fikk ikke Lars Kampesveen låne ploghester på Evenstad.

Frans av Assisis Bønn

Frans var en rikmannsson frå byen Assisi i Italia. Han valde å gi avkall på all rikdommen sin og bruke livet sitt til beste for dei fattige. Bøna blei første gong trykt i det franske bladet "La Clochette" i 1912. Forfattaren av denne fredsbøna er anonym.

Herre gjør meg til redskap for din fred!

La meg bringe kjærighet der hatet rår.

La meg bringe forlatelse der urett er begått.

La meg skape enighet der uenighet rår.

La meg bringe tro der tvilen rår.

La meg bringe sannhet der villfarelse rår.

La meg bringe lys der mørket ruger.

La meg bringe glede der sorg og tyngsel rår!

Å Mester!

La meg ikke søke så meget å bli trøstet som å trøste.

Ikke så meget å bli forstått som å forstå.

Ikke så meget å bli elsket som å elske!


For det er gjennom at man gir at man får.

Det er ved å glemme seg selv at man finner seg selv.

Det er ved å tilgi andre at man selv får tilgivelse!

Det er ved å dø at man oppstår til det evige liv!

Amen



BARNAS -SIDE

Fargelegg

Fargelegg Jesus som fer opp til himlen!



Finn fem feil

Dei to bileta av Jesus som syner seg for læresveinana etter oppstoda er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Franfou



nettSPRELL.no

- Musikkvideoar
- Teiknefilmar
- BARNAS-konkurransar
- Sondagsskulen si nettside for barn!

BARNAS.

14 blader + DVD + CD = berre 365,-

(privatabonnement heim i posten)
Gruppeabonnement berre 199,- pr barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

TÅRNAGENTENE

tarnagentene.no
Tårnagentane sin eigen nettstad!

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

- 20.04 Mille Hovde Welgaard
18.05 Nikolai Torkell Bøen
18.05 Victor Hjelvik
18.05 Mathias Bergum Madsen
08.06 Kevin André Røv Lenning
08.06 Sofia Anna Nerås
27.07 Jan Patryk Bruczko
10.08 Nora Øyen Eidhammer
24.08 Tobias Danielsen Hølgenes

Vigde:

- 21.06 Silvia Katrin Mehl og Frode Sandnes
05.07 Natalie Vik og Stig Rune Brunvoll
19.07 Silje Janett Gimmestad Smith og Richard John Birger Fagerstad

Døde:

- 16.03 Oddmund Skavnes
23.03 Knut Misfjord
13.04 Einar Lauritz Belsvik
27.04 Lasse Helland
02.05 Hans Gussiås
09.05 Ingrid Westnes
02.06 Hilda Neraas
22.05 Maja Kleive Bredeli
10.06 Bård Sørås
16.08 Mari-Ann Ødegård

Fiksdal kyrkje

Døypte:

- 27.04 Iselin Øverås Akselvoll

Døde:

- 19.03 Gunvor Sahr Bergheim
29.03 Asbjørn Haugli
24.07 Mandor Peder Nakken

Vike kyrkje

Døypte:

- 22.06 Susanna Edvardsen

Døde:

- 15.03 Målfrid Aanes

Tresfjord kyrkje

Døypte:

- 15.06 Susanne Nerhus
15.06 Agnes Josefine Vik Dreyer
29.07 Marie Fiksdal Mjøs

Vigde:

- 31.05 Ann-Kristin Sporsheim og Andreas Aunevik
09.08 Benedicte Elisabeth Danielsen og Vegard Bjermeland

Døde:

- 16.03 Mary Erene Lange
17.03 Borgny Hungnes
12.04 Astrid Helene Jerpstад
11.04 Lars H. Rydpdal
16.05 Mary Villa
30.05 Klara Sylte
18.06 Jakob Kristian Skorgen
15.08 Agnes Marie Mjøs
18.08 Gotfred Bergum

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen. Takk!

Siste frist for innlevering av stoff til neste nr er 24.10.

Gåver til drift og distribusjon av kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184234 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Inger Marie Jakobsen Sylte, sokneprest

Telefon: 71184236 / 99717442, E-post: imjsylte@gmail.com

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeveje

Telefon: 71184235 / 91629416

E-post: kyrkjeveje@vestnes.kommune.no

Tone Hvidsten, vikar for diakon

Telefon: 71184237, E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor: Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjekaten: Telefon: 90217404

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 71184238 / 41472908

E-post ingvildve@gmail.com

Nina Kvernmo, konfirmantlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:
www.vestnes.kyrkja.no

Gudstenester i Vestnes

07. sept. 13. s. i treeinigstida
Vike kyrkje kl. 11.00
Konfirmantpresentasjon.
Hausttakkefest, utdeling av bok til 2- og 4-åringar.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Konfirmantpresentasjon.
Konfirmantjubileum.
Takkoffer til eige arbeid.

14. sept. Vingardssøndag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste m/ nattverd.
Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

21. sept. 15. s. i treeinigstida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste m/ nattverd.
Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Topp Safari.

28. sept. 16. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse med nattverd.
Takkoffer til Konfirmantarbeidet.
Søndagsskule.

05. okt. 17. s. i treeinigstida
Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse m/ nattverd.
Takkoffer til Topp Safari.

*Tomrefjord kristne
forsamlingshus kl. 18.00*
Gudsteneste m/ nattverd.
Takkoffer til Trusopplæring.

12. okt. 18. s. i treeinigstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste m/ nattverd.
Hausttakkefest.
Utdeling av 4-årsbok.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste m/ nattverd.
Takkoffer til Prosjekt Begi.

19. okt. 19. s. i treeinigstida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse m/ nattverd.
Takkoffer til kyrkjestova.

26. okt. Bots- og bededag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Tomrefjord kristne forsamlingshus.
Søndagsskule.

02. nov. Helgemesse
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Diakoni-arbeidet i Vestnes.

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til diakoniarbeidet.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste.
Takkoffer til diakoniarbeidet.

Vike kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali.

09. nov. 22. s. i treeinigstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste m/ nattverd.
Utdeling til 5. klasse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

16. nov. 23. s. i treeinigstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste m/ nattverd.
Utdeling til 5. klasse.
Takkoffer til Sjømannskirken.

23. nov. Kristi kongedag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse m/ nattverd.
Takkoffer til Trusopplæring.
Søndagsskule.

Vike kyrkje kl. 18.00
Lysmesse. Konfirmantane fra Tresfjord og Vike deltek.
Takkoffer til konfirmantarbeidet i Tresfjord og Vike.

29. nov. laurd. e. Kristi kongedag
Fiksdal kyrkje kl. 18.00
Adventssong. Lys vaken deltek.
Takkoffer til Eige arbeid.

30. nov. 1. s. i advent
Tresfjord kyrkje kl 11.00
Familiegudsteneste m/ nattverd.
Utdeling til 5. klasse fra Vike og Tresfjord. Lys vaken.
Takkoffer til Bibelskapet.

VANN FORANDRER ALT

Tilgang til rent vann gjør at mennesker overlever og holder seg friske. Kvinner og barn trenger ikke gå i flere timer hver dag for å hente vann. Det gir dem mulighet til å gå på skole og arbeid, noe som igjen utvikler hele samfunn. Sammen skal vi sikre varig tilgang til rent vann for 1 million mennesker.



**BLI BØSSEBÆRER FOR
TV-AKSJONEN NRK
19. OKTOBER**

**RING 02025
BLIMED.NO**

19. OKTOBER 2014
 **KIRKENS NÖDHJELP**
 **TV-AKSJONEN NRK**

